

## **Prinsippprogram 2024–2026**

*Prinsippprogrammet i Norsk bibliotekforening er dei grunnleggjande verdiane og prinsippa våre, som vi byggjer aktivitet, politikk og tiltak ut frå. Dette skildrar korleis vi ser på verda, og frå kvar vi ser biblioteka som institusjon, som funksjon, som prinsipp og som idé. Korleis dei verkar i samfunnet, for den enkelte og for samfunnet samla sett.*

*Norsk bibliotekforening arbeider for alle typar bibliotek, og prinsippa dette byggjer på gjeld dermed for skulebibliotek, folkebibliotek og fag- og forskningsbibliotek.*

### **Formål**

“Norsk bibliotekforening (NBF) er en interesseorganisasjon for bibliotek og bibliotekinteresserte. Vårt formål er å styrke og utvikle bibliotekenes posisjon i samfunnet, og fremme bibliotekenes interesser overfor offentlige myndigheter og samfunnet generelt.

NBF mener at tilgang til bibliotek og informasjon er en menneskerettighet og en forutsetning for ytringsfrihet og demokrati”

– Norsk bibliotekforenings vedtekter § 1. Formål

### **Kunnskap**

Norsk bibliotekforening meiner kunnskap er ein del av kjerneverksemda til alle typar bibliotek. Kunnskap er meir enn informasjon gitt i augneblinken – kunnskap er ein kontinuerleg prosess av forståing, læring og kritisk tenking. Kunnskap blir utvikla i møte med nye tankar og friske idear. At menneske kan tileigne seg ny og utvide eksisterande kunnskap, er grunnleggande for å kunne utøve demokratiske rettar og delta aktivt i samfunnet. Like viktig er det for personleg danning, tilhøyrslø og identitet.

Biblioteka legg til rette for at folk kan bruke og produsere kunnskap. Dette inkluderer å vurdere kjelder og forstå ulike sjangrar innan både fag- og skjønnlitteratur. Å organisere, finne att og formidle kunnskap er ein sentral del av biblioteka si verksemd.

### **Demokrati**

Norsk bibliotekforening meiner at biblioteka er ein viktig del av den demokratiske infrastrukturen lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Demokrati er til ved folket, av folket og for folket. Eit velfungerande demokrati er i tråd med livet folk lever. Det legg til rette for deltaking i og påverknad av avgjersler. Eit velfungerande demokrati er til gunst for folket. Ytringsfriheit, likestilling, mangfald, tilgang og tillit er sentrale byggeklossar i demokratiet i Noreg.

Verksemda i biblioteka rører ved mange ulike dimensjonar av demokratiet. Ulike bibliotek bidrar på ulike måtar ved å vere alt frå lokale samfunnsbyggarar til forkjemparar for open forskning. Biblioteka sikrar at meiningar kan skapast og brytast, og vågar å romme det kontroversielle side om side med det konforme.

### **Ytringsfriheit**

Norsk bibliotekforening meiner biblioteka spelar ei avgjerande rolle i å gjere det mogleg for alle å ta del i samfunnet og bruke stemma si. At folk kan ytre seg fritt og ta til seg andre ytringar er ein føresetnad for eit demokratisk samfunn. For å kunne gjere seg opp egne meiningar og ta informerte, sjølvstendige val, er det naudsynt med fri meningsutveksling. Biblioteka gjer informasjon, litteratur og kunnskap tilgjengeleg, og syt for informasjonsfriheit ved å spegle ei breidde av ytringar i samlingane sine. Sjølv bibliotekrommet – i alle typar bibliotek – er ein trygg og inkluderande arena, der det er mogleg å søkje kunnskap og rettleiing. Folkebiblioteka har eit lovfesta mandat til å vere ein arena for offentleg samtale og debatt, og legg slik til rette for meningsbryting og utvikling.

Norsk bibliotekforening støttar ytringsfridomen til akademikarar. Det er essensielt for eit berekraftig samfunn at akademikarar og andre med fagkunnskap innanfor ulike områder er synlege og tek del i det offentlege ordskiftet. Fag- og forskingsbiblioteka bidreg til viktig kvalitetssikring av forskning og formidling i academia.

### **Tilgang**

Tilgang til kunnskap er ein grunnleggjande faktor for å sikre eit opplyst samfunn. Tilgang til kulturarven vår er både identitetsbyggjande og kontekstualiserande. Norsk bibliotekforening jobbar difor for at alle i Noreg skal ha tilgang til informasjon, kunnskap, litteratur og kultur. Biblioteka spelar ei viktig rolle som kunnskaps- og kulturberar ved å vere del av ein infrastruktur som stiller bøker og informasjon til rådvelde. Dette gjeld fysiske og digitale format, og det gjeld gjennom nasjonalt og internasjonalt fjernlån.

Tilgang til kunnskap, informasjon og kultur aukar evna i befolkninga til å forstå ulike uttrykk og korleis dei brukast. Slik sett spelar biblioteka ei nøkkelrolle i eit demokratisk samfunn. Tilgangen til kunnskap går i biblioteka hand i hand med kompetanse på korleis finne og bruke ulike kjelder. Det å lese kjelder kritisk og trygt, og kunne vurdere og hindre desinformasjon er viktige kunnskapar i tida framover. Både tilgangen til kunnskap og kjelder, og kunnskapen om bruken av dei, er ei av kjerneoppgåvene til biblioteka no og i framtida.

### **Lesing**

Lesing er ein grunnleggjande dugleik, og ein føresetnad for eit berekraftig og opplyst samfunn. For den enkelte er også lesing avgjerande. Det gjer det mogleg å ta del i samfunnet, og byggjar empati og mental helse. Utviklinga dei siste åra har vist ei nedgåande kompetanse i lesing blant norsk barn og unge, og i fleire europeiske land er det snakk om ei "lesekrise". Evna til å lese lengre tekstar søkk, og dersom utviklinga held fram står kunnskapsbygging og demokratiet i fare. Gjennom lesing byggjer vi både demokrati og empati. Globalt er framleis manglande lesekunne eit vedvarande problem, med minst 763 millionar vaksne som ikkje kan lese eller skrive, og over 600 millionar barn og unge som manglar grunnleggjande evner i lesing og skriving.

Biblioteka si rolle i arbeidet med å sikre ei lesande befolkning kan ikkje understrekast nok. Basisen må byggjast i barndomen, der skuleverket også spelar ei viktig rolle, men lesing som evne, som interesse og som kunnskap må haldast ved like gjennom heile livet. Biblioteka er den einaste institusjonen der folk har tilgang til bøker, litteratur og eit lesande fellesskap gjennom heile livet, og difor er det naudsynt å jobbe med alle dei ulike målgruppene.

Skulebiblioteka er viktige for å skape lesande barn og unge, og for at desse skal fungere godt må dei nyttast aktivt i det pedagogiske arbeidet på skulene. Bibliotek på studiestader bidrar til å halde lesing og lesekompetansen ved like gjennom studietida. Folkebiblioteka treffer heile breidda i befolkninga, og er viktige fellesarenaer der lesing skjer, uavhengig av alder og bakgrunn.

Det er naudsynt å skape ein god lesekultur. Biblioteka kan leggje til rette for dette ved å sikre gode rom og trygge omgjevnader. God tilgang til både fysisk og digitalt materiale er avgjerande for at biblioteka skal kunne gjere jobben sin.

### **Berekraft**

Norsk bibliotekforening sitt arbeid skal vere knytt opp mot FN sine berekraftsmål. Solidaritet og samarbeid er heilt naudsynt for å oppnå ei berekraftig utvikling.

### **Miljø**

Norsk bibliotekforening skal arbeide for at delingsøkonomi held fram å vere kjernen tenestene til biblioteka. Lån av bøker og utstyr, tilgang til kunnskap og aktivitetar gir auka miljømedvit, gjenbruk og lågare forbruk.

### **Sosiale forhold**

Biblioteka er ein møteplass der ein kan føle seg innafor og med. Bibliotek bidrar til god folkehelse og er ein plass for inkludering og fellesskap. Biblioteka er ein stad der alle skal ha gode opplevingar. Særleg barn og unge kan trenge ein tredje stad å vere.

Universell utforming er å gi gode mogleikar for alle. Norsk bibliotekforening skal jobbe for bibliotek som gir god tilgang til det fysiske bibliotekrommet, der det er enkelt for alle å finne fram til kunnskap og litteratur. Det skal vere enkelt å delta i den offentlege samtalen. Likeins skal Norsk bibliotekforening jobbe for at vegen til det digitale innhaldet er enkel, at innhaldet er ope tilgjengeleg og at alle har gode føresetnader for å forstå og vurdere det ein finn. Det betyr at Norsk bibliotekforening òg skal jobbe for at færrast mogleg opplever å stå utanfor i den digitale kvardagen sin.

### **Solidaritet**

Biblioteket er ein institusjon som byggjer på danning, opplysning, og ei forståing av at ein ikkje kan eige kunnskap. Vi ønsker eit opnare samfunn, meir demokrati og enklare tilgang til kunnskap for alle. Då krevst det institusjonar som byggjer på likskap og demokrati, og som samarbeider på tvers. Biblioteka er eit verkemiddel som kan brukast for å fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling, og all verksemd kan sest i eit internasjonalt perspektiv. Difor skal Norsk bibliotekforening jobba regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Fordi kunnskap kjenner ikkje grenser.

Vi skal lære av andre, og vi skal bidra til å utvikle bibliotek, bibliotekfunksjonar og tilsette i andre delar av verda. Gjennom krig og konflikt har vi sett at sanninga er det første offeret i krig. I fleire område er bibliotek og museum institusjonar som blir angripne eller fjerna, og kulturarv forsvinn. Vi treng meir fellesskap, meir samanheng, og stadig meir felles forståing og kunnskap om kvarandre. Gjennom deling av materiale både nasjonalt og internasjonalt kan biblioteka inngå i eit solidarisk nettverk av kunnskapsdeling til stader der det ikkje finst tilgang. Dette kan botna i økonomi og ressursar, demokratiske eller andre hinder. Dette kan sikre ei fri og ope forskning og kunnskapsdanning, og er naudsynt for å sikre eit demokratisk og deltakande ordskifte.